

Forstandarskapets medlemmer
Styrets medlemmer
Ekstern revisor

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT FORSTANDARSKAPSMØTE I TYSNES SPAREBANK

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinært forstandarskapsmøte i Tysnes Sparebank den 16. juni 2025 kl. 18.00 digitalt via Microsoft Teams eller i banken sine lokaler på Våge.

Til handsaming føreligg:

- SAK 1: Opning av møtet ved leiar i forstandarskapet**
- SAK 2: Registrering av frammøtte medlemmer av forstandarskapet**
- SAK 3: Val av to personar til å undertegne protokollen saman med møteleiar**
- SAK 4: Godkjenning av innkalling og dagsorden**
- SAK 5: Val av styremedlem til den samanslåtte banken**
- SAK 6: Val av medlem til valkomiteen i den samanslåtte banken**

Vedlagd følgjer eit kort notat om sak 5 og 6 med forslag til vedtak.

Saksdokumenter og forslag til beslutningar

Denne innkallinga og andre saksdokument er gjort tilgjengeleg på <https://www.tysnes-sparebank.no/> den 2. juni 2025.

Påmelding

Medlemmer av forstandarskapen (evt. varamedlemmer) som skal møta får ein eigen epost vedkommande påmelding til møtet. Me ber om tilbakemelding så snart som mogleg og seinast innan 13. juni 2025 kl. 16.00 slik at varamedlem eventuelt kan innkallast.

Tysnes, 2. juni 2025



Bente Jorunn Raknes
Styrets leder

SAK 5: VAL AV STYREMEDLEMMER TIL DEN SAMANSLÅTTE BANKEN

Det er planlagt at samanslåinga mellom Tysnes Sparebank og Haugesund Sparebank skal gjennomførast 1. september 2025, forutsatt nødvendig løyve frå Finanstilsynet.

I tråd med fusjonsplan datert 2. november 2023 (den "**Tidlegare fusjonsplanen**") som supplerer ny og justert fusjonsplan datert 4. mars 2025 ("**Fusjonsplanen**"), skal forstandarskapen i Tysnes Sparebank utpeke medlemmer til styret og valgkomiteen i den samanslåtte banken.

I henhold til den Tidligere fusjonsplanen punkt 5.3, skal forstandarskapen i Tysnes Sparebank utpeke eit styremedlem, samt eit ansattevald medlem.

Styret vart orientert om at dei ansatte i Tysnes Sparebank har vald Torunn Nødland som ansattevald styremedlem til den samanslåtte banken.

I henhold til vedtektene til den samanslåtte banken vert medlemmer og varamedlemmer i styret vald for 2 år av gongen.

Valkomiteen innstiller på at forstandarskapen treff følgjande vedtak:

"Audun Magnussen vert utpekt som styremedlem i den samanslåtte banken."

SAK 6: VAL AV MEDLEMMER TIL VALKOMITEEN I DEN SAMANSLÅTTE BANKEN

Det vises til bakgrunnen under sak 5 ovenfor.

I henhold til den Tidligere fusjonsplanen punkt 5.2, skal forstandarskapen ved første gongs val utpeke eit medlem til valkomiteen.

I henhold til vedtektene til den samanslåtte banken vert medlemmer av valkomiteen vald for 2 år av gongen.

Valkomiteen innstiller på at forstandarskapen treff følgjande vedtak:

"Ingrid Tysnes Stue vert utpekt som medlem til valkomiteen i den samanslåtte banken."